



Tillegg til Vedtektene for SFO

Moderasjonsordningar i SFO

Frå 01.08.20 er det innført nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga i SFO. Endringa er heimla i forskrift til opplæringslova Kap 1B. Skulefritidsordninga

Endringa gjeld:

1. **Redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Gjeld elevar med plass i SFO i 1. og 2. trinn.**
Redusert foreldrebetaling vert innvilga etter søknad, for dei familiare der foreldrebetalinga vil overstige meir enn maksimalt seks prosent av familien si samla inntekt. Betaling for eventuell kost kan koma i tillegg.
2. **Gratis SFO-tilbod for barn med særskilde behov i 5. -7. trinn.** Betaling for kost kan koma i tillegg.

Dette betyr at følgjande må takast med som tillegg til Kvinnherad kommune sine vedtekter for SFO under punktet om foreldrebetaling:

4. Foreldrebetaling

Moderasjonsordningar i SFO:

- Redusert foreldrebetaling for elevar på 1. og 2. årstrinn:
Etter søknad frå føresette vert det gitt reduksjon, slik at foreldrebetalinga per elev utgjer maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet, dersom:
 - a) Foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntekta til hushaldet siste året, eller
 - b) Det er ei varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år, som gjer at foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntekta til hushaldet

For søknader motteke før 1. august gjeld vedtaket om foreldrereduksjon frå 1. august. For søknader motteke etter 1. august gjeld vedtaket gjeld frå første heile månad etter søknadstidspunktet og ut skuleåret. Det må søkjast om redusert foreldrebetaling for kvart skuleår. Kommunen kan krevje betaling for kost.

- For barn med særskilde behov på 5. -7. årstrinn skal SFO- tilbodet vera gratis. Kommunen kan krevje betaling for kost.